

Møtereferat

Dato: 27. april 2023

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	Bård Sandal, Øystein Høyvik, Christian Rekkedal, Heidi Fosslund, Kathrin Jacobsen, Jone Engelsvold, Mette Nora Sætre, John Tveit, Kristine Kopperud Timberlid, Merete Lunde, Leni Lisæter, Helene Frihammer, Lasse Anke Hansen, Margareth Hagen, Anne Bogsnes, Monica Mæland, Anne Kverneland Bogsnes, Frode Myrdal, Heidi Gaustad	
Forfall:	Roger Pilskog, Geir Kåre Resaland, Rigmor Fardal	Sak: 9/23-15/23
Møtetid:	Kl 0900-1200	Møtestad: Teams

Møteleiar: **Bård Sandal**

Referent: **Gisle Johanson**

Sak 9/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Næringsforum godkjende Innkalling og sakliste med ei endring av rekkefølge.

Sak 10/23: Godkjenning av referat frå møte 20. januar 2023

Vedtak: Næringsforum godkjende referatet

Sak 11/23: Dashboard v.01 – Grøn region Vestland

Lasse Anke Hansen presenterte på grunnlag av materialet som var sendt ut før møtet. Målet for dashboardet er å kunne følgje utviklinga i høve til måla for GRV.

Anke Hansen viste til at det har vore ein diskusjon om kva som er ein «grøn jobb» og at ein har konkludert med å vise auka sysselsetjing i dei fire næringene; marin, industri, fornybar industri og maritim sektor. Dashboardet vil verte lagt ut på internett.

Det vart etterspurt å ta inn oversikt over utvikling av investeringar, verdiskaping og eksport. Dette vil bli vurdert med omsyn til om ein får tilgang på korrekt datagrunnlag.

Vedtak: Næringsforum Vestland tek saka til etterretning.

Sak 13/23 Oppfølging etter delegasjonsreise til Brussel

Bård Sandal innleia og gjorde reie for forslag om tre oppfølgingspunkt:

- Prosess for å gje Innspel til regjeringas arbeid med Green Deal og Net Zero Industry Act.
- Vidare arbeid i høve til KIC Ocean
- Korleis løfte temaet Sirkulær økonomi i Vestland

Prosess for å gje Innspel til regjeringas arbeid med Green Deal og Net Zero Industry Act

Næringsalliansen, NHO og LO var beden om å gje sine vurderingar til korleis ein bør arbeide for å gje innspel om EU sine prosessar Green Deal og NZIA. Monica Mæland kommenterte at EU sine svar på USA IRA-pakke er sers viktige for næringslivet i Vestland og at dei ønsker EU sin respons velkommen. Ho understreka at det er positivt at teknologiane vasskraft, eletrolysørar og batteri er med. Og at det vert lagt opp til ein prosess med å prioritere strategisk prosjekt og ikkje følgje eit «førstemann til mølla»-prinsipp. Det er og viktig at politikken med høve til karbonfangst inkluderer lagring. Ho peika på at vi har moglegheit for å utvikle komplette verdikjeder for CCS og blått hydrogen i vår region. Til slutt la ho til at det er viktig å få klarheit i korleis forlenging av vasskraftkonsesjonar vil verte påverka av EU sin taksonomi.

Vidare arbeid med KIC Ocean

Margareth Hagen kommenterte kort om at det pågår diskusjonar om samarbeid med ulike aktører og ønsker å gjere reie for dette når meir er avklart.

Korleis løfte temaet Sirkulær økonomi i Vestland?

Bård Sandal innleia om tankane om å ta initiativ til å gjennomføre ein konferanse i Vestland med tema knytt til sirkulær økonomi. Forslaget vart støtta av deltakarane. Både KS og Næringsalliansen ga uttrykk for at dei gjerne vil bidra.

Vedtak:

Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ei uttale frå Næringsforum Vestland om Green Deal Industrial Plan.

Næringsforum Vestland blir vertsskap for ein konferanse om sirkulær økonomi. VLFK får ansvar for å setje ned ei arbeidsgruppe med ansvar for planlegging og gjennomføring av konferansen.

Sak 12/23 Barrierar – Grøn region Vestland

Frode Myrdal frå PWC presenterte materialet som var sendt ut før møtet. Dei tidlegare ni barrierane som hindrar oss i å realisere potensialet som er kartlagt gjennom Grøn region Vestland, er foreslått å verte redusert til seks. Det vert foreslått å dele arbeidet med barrierane inn i fire straumar.

Under runden rundt bordet vart det kommentert at det er viktig å fokusere på behov for handling og å gje aktørane tydelege ansvar og aksjonar.

Framlegg til vedtak: Næringsforum Vestland er samde i avgrensinga og presiseringa av dei seks barrierane og ber om at det blir lagd fram eit framlegg til korleis dette kan følgjast opp i praksis basert på innspela i møtet.

Sak 14/23 Temaplan forskning - resultatvurdering og blikk fram mot revisjon i haust

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Jone Engelsvold presenterte det utsendte materialet og peika på at det er samanheng mellom barrierane som er identifisert gjennom Grøn region Vestland og gapet mellom FoU og næringsliv. Merete Lunde kommenterte at det vert viktig å skape eit betre samspel mellom regionale verkemidlar og nasjonale og internasjonale verkemidlar.

Vedtak: Næringsforum tar orienteringa til vitande

Sak 15/23 Eventuelt

Det vart informert om at neste møte er tillyst 2. juni. Det vert eit fysisk møte i Vestlandshuset med lunsj etter møtet.